



Sagvåg maritime

Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø i Sagvåg maritime FUS barnehage

Innleiing

Målet med denne planen er at Sagvåg maritime FUS barnehage skal arbeida systematisk med å fremja eit godt psykososialt barnehagemiljø i tråd med krav i barnehagelova.

Lov om barnehager kap 8 § 41-43 fastsett ei plikt til å jobba systematisk med å sikra alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel, leik og læring. Borna sitt psykososiale miljø handlar ikkje først og fremst om mobbing, men at borna har det trygt og godt i barnehagen basert på barnet si eiga oppfatning av barnehagemiljøet.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamna sosiale forskjeller. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjas i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barna sin trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd og førebyggja krenkingar og mobbing. Om et barn opplever krenkingar og mobbing, må barnehagen handtere, stoppe, og følge opp dette. (Rammeplan for barnehager, 2017 s.11)

Leik og vennskap har stor betydning i barn sitt liv, spesielt i barnehagen. Oppleving av vennskap og det å bli inkludert i leik er heilt avgjerande for at barn skal trivast. Dei tilsette sitt nærvær og engasjement i barna sin leik og utvikling er heilt nødvendig.

Stord kommune og Sagvåg maritime barnehage nyttar verktøyet Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) ved uro for barnet si utvikling og trivsel. Dette er med å sikrar at barna får den hjelpa dei har rett på

Sagvåg maritime FUS barnehage har fokus på arbeidet med utvikling av eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø. Ved deltaking i barnehagebasert utviklingsarbeid som «Class og TIK», og i den nasjonale satsing «Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Lovpålagte føringar i barnehagelova:

§1 Barnehagen skal møta barn med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin verdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for felleskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering

§41 Nulltoleranse og førebyggande arbeid; Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle tilsette skal gripa inn når eit barn i barnehagen vert utsatt for slike krenkingar

§41 – andre ledd; Barnehagen skal førebyggja tilfeller der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette vert gjort ved å arbeide kontinuerlig for å fremja helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. Verdigrunnlaget skal gjennomsyra barnehagen sitt innhald, og alle barna skal oppleve å ha ein trygg og god kvardag

§42 Alle tilsette har ei aktivitetsplikt for å sikra at barn i barnehagen har eit godt psykososialt miljø



Sagvåg maritime

Ulike omgrep

Krenking og mobbing

Barnehagelovas § 41 om krenkingar: T.d. utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Mobbing i barnehagen handlar om utestenging, vold, diskriminering og trakassering, bl.a. ved at barn vert plaga eller stengt ute fra leik med og utan tilstadeverande tilsette. Når barn vert mobba går dei glipp av eit godt fellesskap, leik og læring.

Mobbing kan arta seg som fysisk eller psykisk plaging, trakassering, erting, håning, negativ omtale eller tiltale, utestegning og /eller ignorering over tid

Erting, enkeltepisoder med konflikter eller slåssing vert ikkje sett på som mobbing, då mobbing ofte vert definert som noko som er gjentakende. I barnehagelova vert det presisert at det er det subjektive i opplevinga som er utslagsgiveade for om barnehagen skal sette i gang tiltak, uavhengig av korleis omgrepa vert definert, og uavhengig av tidsperspektivet.

Psykososialt barnehagemiljø:

Psykososialt barnehagemiljø er sammensatt og består av:

- Det psykologiske
- Det sosiale
- Handlar om korleis barn opplever det

Miljøet vert påverka av:

- Personalet, leiinga, og kollegialt samarbeid
- Enkeltbarn, barnegruppene og fellesskapet
- Barnehagekulturen
- Samfunnet det er en del av

Barnehagens kultur er holdningar, verdier, normer og praksis

Alle tilsette i Sagvåg maritime FUS har plikt til å sikra at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette vert mellom anna gjort ved at dei tilsette følgjer med/observerer korleis barna har det, og undersøker dersom ein får kjennskap til, eller mistanke om at eit barn opplever å ikkje ha det trygt og godt i barnehagen.

Barnehagen skal alltid ta tak i barnet eller foreldra si oppleving, og aldri definera deira oppleving

Førebyggjande arbeid;

Alle barnehagane er pålagt å arbeida førebyggjande med haldningar i høve krenking og mobbing både hos dei tilsette og barna. FN sin barnekonvensjon seier at barn skal «beskyttes mot enhver form for diskriminering». For å klara dette må dei tilsette vera aktivt til stades der barna er gjennom heile dagen – måltid, leik ute og inne, i garderoben, på tur og alle i overgangar.



Sagvåg maritime

Språkleg kompetanse:

Kommunikasjon- og språkkompetanse er avgjerande for barna her og no, men og for barnets moglegheiter i framtida. Språk er vårt viktigaste verktøy for å fremja sosial kompetanse og vennskap i barnehagen, og bidreg til barnet si identitetsdanning

Å setja ord på eigne tankar, opplevingar og kjensler er ein viktig språkleg kompetanse. Sagvåg maritime FUS barnehage jobber aktivt med språk og barns språkutvikling.

Sosial kompetanse:

Sosial kompetanse er kunnskap, ferdigheter og haldningar dom trengs når me skal bli kjend med, samtale med eller samhandla med andre. Det handler om dei ferdighetene me bruker i kontakt med andre, også kalt relasjonsferdigheter. Barn treng sosial kompetanse for å leika og vera saman. Barn som er trygge kan fortelja kva dei tenker og vil, samt setja seg inn i andre sine behov og kjensler.

Det er fem sentrale områder barn treng å utvikle innafor sosiale ferdigheter: empati, samarbeid, sjølvkontroll, sjølvhevding og det å ta ansvar. Det er balansen mellom alle desse områda som utgjør sosial kompetanse

Det er dei tilsette som har det overordna ansvaret for at barn skal trivast i barnehagen, men barnegrupper med høg sosial kompetanse vil kunna bidra til trivsel for alle og vera med å førebyggja mobbing og utestenging i barnehagen. Sosial kompetanse gjer barna i stand til å utvikla si prososiale åtferd; vera vennlige, bry seg om, oppmuntra og hjelpe andre. Det handlar om å vera ein del av eit fellesskap der barna i det daglige samspelet med andre lærer korleis dei skal vera med kvarandre. Sosial kompetanse gjer at det er lettare for barn å meistar stress og motgang

Barn som strevar i det sosiale samspelet treng hjelp og støtte frå dei tilsette. Barna treng handlingsalternativ og hjelp til å utvikla nye og meir hensiktsmessige strategier. Det er difor viktig å vurdere kvaliteten på ulike former for leik, samspel og aktivitetar. Dei vaksne må skildra ønska åtferd og hjelpe barnet til å omsetta det sosiale samspelet. På denne måten kan barna lettare forstå andre, og læra å setja ord på eigne kjensler og opplevingar

Foreldreinvolvering:

I Rammeplan for barnehagen, kap. 5, står det at «Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg».

Heimen skal involvast i arbeidet med barn sitt psykososiale miljø. Barnehagene og foreldra skal samarbeide om utvikling av barna si sosiale kompetanse. Foreldre og de tilsette i barnehagene må ha ei felles forståing av korleis sosial kompetanse kan rusta barna til å danne positive sosiale relasjonar og førebyggja utestenging, vold, diskriminering og trakassering.

Organisering:

Dei tilsette får ein tettare relasjon til barna når barnegruppa vert organisert i mindre grupper i løpet av dagen. På denne måten er det lettare å fanga opp ulike signal frå barna, gi det einskilde barn støtte og arbeide med den språklige – og sosiale utviklinga til barna



Sagvåg maritime

Korleis oppdage krenking og mobbing:

- Gjennomføre jamlege barnesamtaler med barn i stor gruppe, lita gruppe og individuelt.
- Tette samarbeid med foreldra.
- Tilsette som er tett på og tilstades med barna – i leiken ute og inne, i måltid og garderobe, og overgangssituasjonar.
- Dele barnegruppene i mindre grupper jamleg og så ofte det lar seg gjera
- Ha fokus på vennskap
- Nyttå tuning into kids (TIK) der dei tilsette speglar barna dine kjensler
- Observasjonar av CLASS observatør
- Observasjonar/kartlegging av barna/barnegruppa/miljøet – utført av dei tilsette
- Gjennomføre jamlege samtalar i avdelingsmøter om barn si trivsel

Prosedyrar når barn ikkje har eit godt psykososialt barnehagemiljø

Vert det avdekka at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, og opplever gjentakande krenkingar eller mobbeåtferd, har barnehagen plikt til å undersøkje og setja inn tiltak. Oppfølging vert dokumentert i stafettloggen i BTI-rettleiaren med samtykke/samarbeid med foreldra. Dette skal følgast opp og resultera i ein tiltaksplan (vedlegg1). Tiltaka skal prøvast ut, evaluerast og justerast om naudsynt. Barn som mobbar - og barn som blir mobba som skal følgjast opp

Vedlegg:

1. Tiltaksplan
2. Mal for referat
3. Barnesamtaler



Vedlegg 1:

Tiltaksplan når mobbing/krenking oppstår

Skjemaet skal oppbevarast i barnet si mappe – evt kopi til foreldra. Lastast opp på BTI loggen ved samtykke frå foreldra

Det skal skrivast referat frå alle møta!

Tiltak	Ansvar	Gjennomført Signatur/dato
<p>Tilsette: Gripa inn med ein gong han/ho oppdagar mobbing i barnehagen. Informera Dagleg leiar/pedagogisk leiar</p> <p>Dei tilsette i barnegruppa skal informerast: Konkret skildring av kva som skjedde, kven og korleis Korleis møtte dei tilsette situasjonen? Bli einige om tiltak vidare</p>	<p>DL er ansvarlig i samarbeid med den som observerer mobbinga</p>	
<p>Barna Snakk med barna om det som har skjedd. La dei få komma med framlegg om kva dei kan gjera vidare Lag ein tiltaksplan med barna sine forslag og dei tilsette sine framlegg til løysing</p>	<p>Pedagogisk leiar på aktuell gruppe. DL har det overordna ansvaret</p>	
<p>Foreldra Foreldra til dei som vert mobba og til den/dei som mobba vert innkalla til møte der dei vert informert og tekne med på råd DL skal alltid vera med på møte. Det skal opprettast stafettlogg (BTI) – dersom foreldra samtykker</p>	<p>Pedagogisk leiar på aktuell gruppe. DL har det overordna ansvaret</p>	



Sagvåg maritime

Evaluer <ul style="list-style-type: none">○ Saman med barna etter 1-2 veker. Korleis går det? Ny samtale med barna ved behov○ Med dei tilsette etter 1-2 veker. Vurder tiltaka vidare○ Ny informasjon/samtale med foreldra ved behov○ Evaluer kontinuerleg til saka er løyst	Pedagogisk leiar på aktuell gruppe. DL har det overordna ansvaret	

Vedlegg 2:

Referat frå møter Vedrørande mobbing

Skjemaet skal oppbevarast i barnet si mappe i my-kid – der foreldra får tilgang. Skjema vert lasta opp i BTI loggen

Dato:

Tilstade på møtet:

Dato for oppfølgingsmøte:

Saks skildring	Tiltak	Ansvar



Sagvåg maritime

--	--	--

Vedlegg 3:

Barnesamtaler

Dato:

Barnet sitt navn:

Barnehagelærer som gjennomførte samtalen:

Introduksjon til samtalen

(Dette er et forslag. Tilpassast kvar einskild barnehage, bruk dialektord der det passer))

Korleis du har det i barnehagen vår.

Har du lyst til å fortelja meg om det?

Eg har nokre spørsmål som eg håper at du vil svare på.

Før me byrjar kan du godt ta litt frukt, vil du ha vatn også? Det har eg lyst på og!

Kva likar du å gjera i barnehagen?

--

Kven er det gøy å leika med?

--

Har du venner i barnehagen?

--

Kva er ein venn egentleg?



Sagvåg maritime

Kva pleier du å gjera med vennen(e) dine?

Er det nokon som ikkje har venner i barnehagen? (trur du)

Liker du best å leike inne eller ute? (Kvifor/kvifor ikkje)

Er det noko som er veldig morsomt (ekstra bra) i barnehagen?

Er det noko som er kjedelig i barnehagen?

Liker du å vera i samlingane? (kvifor/kvifor ikkje)

**Liker du å vera med i 5 årsgruppa? (andre type grupper) (bruk barnehagens betegnelse)
(kvifor/kvifor ikkje)**

Liker du å gå på tur med barnehagen? (Kvifor(kvifor ikkje)

Blir du mobba eller ertet av nokon i barnehagen? (barn/voksne)



Sagvåg maritime

Mobber eller erter du nokon?

Kven av dei voksne vil du helst vera sammen med? (kvifor)

Er det nokon voksne som trøyster barn som er lei seg?

Kven får du trøst av?

Er det nokon voksne som du kan leika med?

Er det noko du har lyst til å gjera i barnehagen som du ikkje får lov til?

Gleder du deg til å gå i barnehagen?

Får du være med å bestemme noko i barnehagen?

Kva skjer dersom du gjer noko dei voksne ikkje liker?



Sagvåg maritime

Når du skal spise, kan du sitte ved sida av den du vil? (Har du det hyggeleg/koseleg/gleder du deg til å spisa)

Må du vente mykje?

Finn dei voksne på spennande ting som dåke kan gjere? (Alle, nokon, ingen, kven?)

Korleis skulle du ønske det hadde vært i barnehagen?

Barnehagelærars oppsummering av samtale